

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi himmelfartsdag / Helgetorsdag – 13. mai 2021

Preiketekst: Luk 24,46-53

Lesetekst I: Dan 7,13-14

Lesetekst II: Rom 10,6-10

Rekkeviddeangst

Til dagen

Helgetorsdag (*Kristi himmelfartsdag*) er ein gamal og stor festdag i kyrkja! I dag ikkje særleg påakta, meir ein ekstra fridag som i år utløyser ei ekstra lang helg. Normalt er dette ein konfirmasjonsdag rundt om; då forsvinn gjerne særpreget, om ikkje presten er vaken for nettopp dei gode kontaktpunkta mellom Herrens velsignande hender og dei flotte ungdommane. Korona lettar ein slik balansegang i år!

Fargen er kvit, festfargen i kyrkja. Me feirar framleis Den oppstadne, som 'sit ved høgre handa åt Faderen ..', og let syndsforlating forkynnast for alle folkeslag.

Tekstane

GT-teksten er henta frå Daniels bok. Dei kjende uttrykka 'ein lik ein menneskeson' og 'den gamle av dagar'. Likeeins ei evig herskarmakt og riket som aldri går til grunne. Dette må få klinga med, i det minste som ein viktig bakvegg for evangelium og preiketekst. NT-teksten er frå 'Israels-delen' av Romarbrevet. Rettferda som kjem av trua, er tema der. Den trua som av hjarta vedkjenner Jesus som Herre, gjev frelse.

Til preika

Midt i arbeidet med dei heilage tekstane, dett eit moderne uttrykk ned i eit gråsprengd hovud: Rekkeviddeangst.

Ein prangande Tesla eller ein putlete Leaf held diskusjonen i gong: kor lang rekkevidde til ny lading?

Dette kan vera ei av dei mest utbreidde grunnar til søvnløyse og regulær angst: rekkevidde.

Helgetorsdag fangar blikket vårt, bort frå våre daglege rammer og avgrensingar. Den gamle festdagen til feiring av Den oppstadne si himmelferd, får - i alle fall ei lita stund – det daglege til å verka putlete, om det er aldri så prangande.

Dei med ‘pedes apostolorum’ kjende visst på mangel og avmakt. Her kneler dei første vitna innfor Messias sine løfta hender. Dei som hadde fått sjå, høyra og ta på Den oppstadne, dei som hadde opplevd Guds fiende få dødssåret, erkjenner vel Jesus Messias si uendelege ‘rekkevidde’. Men då Guds Son forlet dei og det avgrensa, og dreg til Guds evige rike, fell dei ned i tilbeding.

Dei hadde ikkje makta .. å vaka ... ein einaste time med han i Getsemane (Matt 26.40). Då deira Herre synte seg maktelaus innfor fangenskap og kross, ‘gjekk (dei) alle vill som sauer, kvar tok sin eigen veg (Jes 53.6). Så langt, altså, men ikkje lenger.

Herren gjekk vegen til endes. Og no inntek han plassen ved Faderens høgre hand. Han set seg(!). Ein tydeleg demonstrasjon av fullendt verk, av makt og siger.

Denne dagen kallar oss inn til feiring. Me trur på han med all makt i himmelen og på jorda. Guds folk som siste året har stanga mot veggen Korona, skal midt i det avkorta få tilbe den allmektige. Han som ved si skaparkraft og ved krafta av (Jesu) oppstode (Fil 3,10) står ved sine lovnader til den som trur. Han som frå Jerusalem let evangeliet, Gud kraft til frelse (Rom 1.16), nå ut til alle folkeslag, jøde først og så grekar.

Hugs dette, du som forkynner og formidlar, i ‘Tesla- eller Leaf-omgivnader’: det er ikkje for stort eller for lite til at Herren kan nå inn og gjera sitt verk!

Helgetorsdag kallar oss til tilbeding og frimod, i lokal teneste eller mellom hans eige folk, ja, overalt der misjonens Herre plasserer oss. Hald fast og hald ut!

Framleis lyt Guds folk falla på kne, i alle fall mentalt, og tilbe han som er Messias for Israel og verda.

Rekkeviddeangst har Guds folk ofte kjent på, anten dei var i øydemarka eller på ‘kildevangen’ (Sal 84,7); ‘kor lenge, Herre?’, spurde dei. Eller ‘vil det vara, vil det halda?’.

Men Herren kledde dei med kraft frå det høge. Han ‘sende over dei det han hadde lova’.

Me bed for Jerusalem og det jødiske folket, me bed for Guds folk overalt der det finst, om at Abrahams, Isaks og Jakobs Gud (2 Mos 3,16) framleis oppfyller sine lovnader, og at Jesus Messias får stå fram for dei mange nettopp som oppfyllinga.

Og Han sit på trona, der alt går ut frå. Kven skulle då frykta rekkevidda?!

Geir Paulsen

prost i Sogn / krinstyreleiar i Sogn og Fjordane

geir.paulsen@kyrkja.luster.no